



# Indremisjonsvarden

Organ for Sogn og Fjordane Indremisjon



*Jubla, du himmel, og gled deg du jord, bryt ut i jubel, de fjell! For Herren  
trøstar sitt folk og viser miskunn mot sine hjelpelause.* - Jesaja 49,13

**Leiar: Nyttårsforsett**

**s.2**



Det er på tide å setje seg eit nyttårsforsett, skal du setje det same som du gjorde sist? Eller skal du tenkje litt nytt?

**Andakt**

**s.10**



I denne utgåva er det Forsamlingsleiar i Sogndal Indremisjonsforsamling, Nils Jøssang, som har andakta.

**Inspirerende konferanse**

**s.11**



I midten av November arrangerte IMF den fyrste leiarkonferansen. Her var det stort oppmøte av både tilsette og frivillige tilknytta Indremisjonsforbundet.

---

# Nyttårsforsett

## Indremisjonsvarden

Organ for Sogn og Fjordane  
Indremisjon

Kjem ut 4 gonger i året.

Utgevar:  
Sogn og Fjordane Indremisjon

Ansvarleg redaktør :  
Sondre J. Orrestad  
Framsidedfoto:Sondre J. Orrestad

Postboks 415, 6853 Sogndal

E-post: [sogn.fjordane@imf.no](mailto:sogn.fjordane@imf.no)

## Tilsette i krinsen:

Krinssekretær  
Sondre Johannes Orrestad

Forkynnar  
Gudmund Furnes

Barne- og familiekonsulent  
Runhild Øverås

Områdearbeidar Bremanger  
Ivar Kristian Berland

## Krinsstyret består av:

Gudmund Furnes, Styreleiar

Joar Aarnes, nestleiar

Tone Rusken

Ole Inge Skagen

Jan Henry Tverberg

Bodil Brennesvik

Rune Nordbotten

Ottar Husum, 1.vara

Sogn og Fjordane Indremisjon er  
tilslutta Indremisjonsforbundet.

---

Det er desember månad og me går straks inn i eit nytt år! Mange har ein tradisjon om at set seg eit nyttårsforsett, nokre er kanskje lik meg og set det same nyttårsforsettet år etter år. Det er jo ikkje slik at ein alltid klarar å fylgje opp eigne krav og forventingar, for ikkje å snakke om ynskjer, for det nye året. Eg er overtydd om at me no i førjulstida kjem til å bli peptra med tips og triks for korleis ein skal kome i gong med treninga på nyåret, korleis ete sunnare, korleis få eit betre ekteskap, korleis bli meir miljøvennleg, korleis, korleis, korleis. Slik er det heile året i grunn, men litt ekstra blir det alltid når det nærmar seg nyår. Eg har mange forventningar til 2018, og eg trur det vil bli eit spanande og innhaldsrikt år. Heilt sikkert med både gleder og sorger, men eg ser mest fram til gledene!

Jesus verkar ikkje på meg so oppteken av kva som skjer mellom 1.januar og 31.desember kvart år, Han er oppteken av dag til dag og til evig tid. Eit heilt anna perspektiv på tid, som so mykje anna. Han er kanskje den fremste forkjemparen og agitatoren for at me skal sjå ei endring i vårt eige liv, ikkje nødvendigvis at me skal lære oss kjeldesortering og ete sunnare. Han er oppteken av den daglege omvendinga og at me skal bli meir lik han, på alle område! I Jeremia 24 blir det gjengitt ein samtale mellom Jeremia og Herren. Det står i vers 7;

*«Eg gjev dei eit hjerte til å kjenna meg, for eg er Herren. Dei skal vera mitt folk, og eg skal vera deira Gud når dei vender om til meg av heile sitt hjarte.»*

Dette er ord til oss i dag også. Gud vil vere Gud for oss og me er gitt å vera hans folk, når me vender om! Når me gjer ei endring i livet vårt og fylgjer Jesus. Dag for dag. La det vere vårt felles nyttårsforsett, å dagleg vende oss til Jesus. Til tider vil det, som alle andre nyttårsforsett, vere vanskeleg å fylgje opp, men håpet der framme krever at me vender oss til Jesus.

Eg vil også ta med noko som har betydd mykje for meg i det siste, eit enkelt vers frå Matteus 11,28 ;

*«Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!»*

God Jul, Godt nyttår og lykke til med nyttårsforsetta!

- Sondre J. Orrestad



---

Det blir nyttårsfeiring på Lyngmo.  
31.des-1.jan.

Det passar for alle (både unge og gamle) og er lagt til rette for småbarnsfamiliar.

Besøk heimesida [www.lyngmo.info](http://www.lyngmo.info) for program og påmelding.  
Eller ring 57 68 43 66

---

Velkomen til store og små!

---

# Dykk i arkivet

Sogn og Fjordane Indremisjon i namnet er ikkje eldre enn 15 år, men før den tid var Indremisjonen i fylket delt opp i mindre krinsar. Ein av desse krinsane var Sogn Indremisjon. Frå Sogn Indremisjon har me eit rikt arkiv med utgåver av det som heitte Sognevarden.



Denne gongen gjengir me to tekststykke frå utgåve 18 - 15. desember 1967 - 78.årgang

## FRÅ YTRE SOGN INDREMISJON

Det lakkar og lid med året 1967. Me har hatt vinter, vår, sommar og haust. Kor viseleg dette er laga, og som vil vara til dagane sin ende. Kvar dag har gjeve oss høve å lyda til Herrens røyst, og til å leva vårt liv og gjera vår gjerning etter hans vilje. Men me må vel skjemma nokon kvar av oss, - me kom så til kort. Men Jesu frelsarkjærleik kjem oss til møte med nåde og tilgjeving dersom me bed om det, og tek i mot. «Har du mange synder, Jesus deg forkynder: Gjelden er betalt.» Tilhøvet mellom Frelsaren og oss kan bli godt når hans ord og nåde vert teke mot i tru.

Jula står no for døra, og me vert atter minte om han som kom for å gjera syndarar sæle.

Verksemda i Ytre Sogn Indremisjon har denne hausten vore slik: Ragnar Nydal var her i tida 1/10-22/10, og hadde møte desse stader: Høyanger, Vadheim, Kyrkjebø, Ortnevik og Lavikdal.

Tobias Skårdal har verda i Hyllestad i tida 18/10-14/12.

Me vonar å kunne nå over krinsen også denne vinteren med verksemd. Og måtte det lukkast at ein og annan vakna opp for det veldige for tid og æve som ligg i Jesu-namnet.

God Jul.

Olav I. Molde

## Julegledde

Eg lyfter falda hender  
og bryt i lovsong ut,  
for freden som eg kjenner,  
tek bort all angst og sut.  
Eg trur dei orda om gleda  
som himlens engel sa,  
og difor kan eg kveda  
med fryd Halleluja !

Kven kan vel rett utgrinda  
Guds under julenatt?  
Mens tanken må seg undra  
mitt hjarta ser sin skatt.  
Så har eg del i gleda  
som himlens englar sa,  
og difor kan eg kveda  
med fryd Halleluja !

I slike store stunder  
eg vitnar også om  
at Gud har gjort eit under  
her i mitt hjarterom.  
Og denne dyre gjelda  
kan ingen frå meg ta,  
og difor kan eg kveda  
med fryd Halleluja !

Magnus Rye.



Bilete frå Sognevarden nr.18 - 1967

# Ei uventa gáve - på Kaupanger Bedehus

Torsdag 2. november var det planlagt møte på Kaupanger Bedehus. Forkynnar Gudmund Furnes tala, sangkoret Dalklang delte som vanleg flott song, Krinssekretær, Sondre J. Orrestad, informerte litt om Indremisjonen og tidlegare styreleiar i Krinsstyret, Kai Lille-Homb, var tinga på for å leie møtet! Det var eit usedvanleg flott møte! Det som var uventa, var bakgrunnen for møtet og gåva som Gudmund Furnes hadde med! Det var Krinsstyret i Sogn og Fjordane Indremisjon som ville gjere litt ekstra stas på Kai Lille-Homb for den innsatsen han gjorde som styreleiar i Sogn og Fjordane Indremisjon - i ei tid utan krinssekretær eller dagleg leiar. «Du har det ikkje slik som eg», sa Gudmund Furnes, og fortsatte «som styreleiar har eg no vore heldig og fått ein til å



Kai Lille-Homb mottok den uventa gåva frå Gudmund Furnes med stor glede!  
(foto: Sondre J.Orrestad)



Mykje folk var samla på møtet på Kaupanger Bedehus.  
(foto: Sondre J.Orrestad)

ta seg av den daglege drifta, men du måtte ta den jobben på deg sjølv. Takk for det du gjorde i ei slik krevande tid»

Kai fekk eit veggur med utskjeringar laga av Hilmar Rusken i Bygstad. « Dette var verkeleg uventa!» sa Kai, «det var difor eg skulle leie møtet also:» lo han og henvendte seg til Oddny Solheim, styreleiar i Kaupanger Indremisjon.

Me takkar nok ein gong Kai for den jobben han har gjort i Sogn og Fjordane Indremisjon og ber om velsignelse over han og dei oppgåvene han står i til dagleg.

---

Sogn og Fjordane Indremisjon er avhengig av gáveinntekter for å drive misjon i Sogn og Fjordane.

Dersom du kunne tenke deg å gi ei gáve til Sogn og Fjordane Indremisjon er gávene alltid motteke med takksemnd.

Set direkte inn på kontonr.  
**3785.60.63624**, bli fastgjevar eller gje ei gáve med Vipps,  
**Vippskode 137504**

---

«Kom med heile tienda til forrådsammeret så det fins mat i mitt hus. Prøve meg på denne måten, seier Herren over hærskarane. Eg skal sanneleg opna himmelens sluser og ausa ut over dykk velsigning utan mål.»

Malaki 3,10

---

# Intervjuet - med Ivar Kristian Berland

I haust har me fått ein ny medarbeidar i krinsen. Ivar Kristian Berland tok til i stillinga som Områdearbeidar i Bremanger 1.september. Ivar er 59 år gamal, er gift og har fire born. Utdanningsbakgrunna til Ivar er menighetsseminarene og han har mellomfag i kommunalrett. Ivar er tilsett i ein 25% stilling og er i Bremanger 1 arbeidsveke i månaden.



## ***Du har tidlegare vore tilsett i Sogn og Fjordane Indremisjon, kva er gjorde du og kva er dei beste minna frå den tida?***

Eg tok til då Dalsfjorden og Bremanger indremisjon vart slege saman med Sogn indremisjon til Sogn og Fjordane indremisjon i 2002. Eg var då med i det første krinsstyret og tilsett som områdearbeider i Sunnfjord. Av arbeidsoppgåver kan eg nemne møteverksemd i kommunane i Sunnfjord, skreiv litt til Indremisjonsvarden og deltok på klubbsamlinger og leirar. Gode minner frå foreiningsbesøk og klubbsamlinger og leirar.

## ***Du er tilsett i 25% prosjektstilling som Områdearbeidar i Bremanger. Korleis opplever du jobben so langt?***

No prøver eg å følgja opp det arbeidet som Laila hadde starta opp i Bremanger. Det er vanskeleg å nå over alt, då ho hadde 40% stilling og eg 25%. Det er fint å sjå at arbeidet ikkje stopper opp, men at det kan bli vidareført. Vi har eit greit lokalt samarbeid internt og i fellesskap med kyrkja sine kyrkjelydspedagoger. Eg nyttar også kontor plass på kyrkjelydskontoret på Kalvåg.

Barnearbeid og vaksenmøter, samt besøk på sjukeheim og eldresenter er dei viktigaste oppgåvene.

## ***Utanom jobben i Bremanger, kva held du på med?***

Utanom jobben i Bremanger har eg framleis litt oppgåver for Blå Kors. Då har eg konfirmantundervisning, skulebesøk og vaksenmøter. Emnet er rus-psykiatri og kriminalitet knytt til rus.

## ***Kva gir deg energi Har du nokre hobbyar kanskje?***

Av hobbyer kan eg nemne trearbeid. Eg lager litt hagemøbler og hagestover. Ellers er eg litt engasjert i lokal og fylkespolitikk i Rogaland, og har vore aktiv i nærradioarbeid. Dette er veldig fin avkobling, då eg må ha variasjon i oppgåvene grunna dårleg rygg.

## ***Kva ynskjer du å fokusere på i arbeidet i Bremanger? Kva er det mest meningsfulle?***

I arbeidet i Bremanger, så er det viktigaste å følgja opp den aktiviteten som alt er der. Så er det å inspirere til ny verksemd. Innan barne og ungdomsarbeidet, så har eg teke til med å sondere om vi kan få til eit treffpunkt med kristent innhald for dei som er ferdige på ungdomsskulen. Bedehuskjelleren på Kalvåg er ypperleg for eit slikt tiltak. Bibelgrupper er også viktig å få til. Alle oppgåver er like meningsfulle på kvar sin måte.

## ***Til slutt: Har du eit favorittbibelvers?***

Favorittbibelvers må vere Hebrearane 13,8 (Jesus Kristus er i går og dag den same, ja til evig tid).

Me er veldig glade for arbeidet som Ivar står i og alle dei menneska han kjem i kontakt med! Hugs å ta med Ivar på bønelisten og ta godt i mot han dersom du ser han!

## Krinssekretæren sitt hjørna

I denne spalta kan du lese litt om kva Krinssekretæren sin kvardag fyllest med.



I skrivande stund har eg vore tilsett i Sogn og Fjordane Indremisjon i litt over 3 månadar. Då eg tok til på denne leiarjobben gleda eg meg stort til det eg får lov til å vere ein del av. Å få dele evangeliet.

Samstundes er det ein del av organisasjons- og administrasjonsarbeid som tek tid. Indremisjonen har også ein lang historie her i fylket, noko eg har fått bruke ein del tid på å setje meg litt inn i.

Me er no i ein prosess der arkivet på kontoret til Sogn og Fjordane Indremisjon blir gjennomgått og sortert. Store deler av arkivet frå før fusjonen i 2002 blir no gitt til Fylkesarkivet. Grunnen til dette er at me ynskjer at det historiske materialet skal bli ivareteke og tilgjengeleg for ålmenta.

Ellers er det fortsatt mykje som ein må prøve å få oversikt over, forhåpentlegvis treng ein ikkje å gjere det mange gonger, sjølv om det også er ein prosess som krever tid.

Eg har fått vore på besøk og tala på fleire bedehus i Sogn, siste besøk var på Høyanger Bedehus. Det er stort å sjå at so mykje folk i fylket samlast om Jesusnamnet. Det er frelse i inget anna namn!

Å planlegge reiseruter har eg funne at er krevjande, samtidig kjekt! Eg gler meg til det som går på administrasjon og praktiske gjeremål blir meir rutinemessig slik at eg kan få reise mest mogleg og få møte mennesker som både brenn for evangeliet, men også dei som ikkje kjenner Jesus!

Til slutt litt om bøn livet: eg ber om at me som kristne i fylket og i landet, skal stå saman om å gjere Jesus kjend! Det er, som eg skreiv sist, min største motivasjon for arbeidet. At me skal gå gje Guds Ord til folket. Både unge, gamle og alle i mellom.

Guds fred!

-Sondre J. Orrestad

---

## Den økonomiske situasjonen

Årsrekneskapen for 2016 viste at Sogn og Fjordane Indremisjon gjekk med underskot på 534.582 kroner. Dei siste tala frå rekneskapsfører viser at situasjonen har betra seg noko, men at me kjem til å gå med underskot i overkant av 400.000 kroner for året 2017 er tydeleg. Heldigvis har Sogn og Fjordane Indremisjon peng nok på bok til å løne sine medarbeidar, men det er ikkje ein heldig situasjon at ein går med underskot. Krinsstyret har i ei årrekke likevel satsa på at me skal halde arbeidet ved like so lenge det går. Me er taknemlege for alle som gir gåve til Sogn og Fjordane Indremisjon, det er også vår einaste inntektskjelde. Utan gåver vil arbeidet mange stadar stoppe opp.

I år har Sogn og Fjordane Indremisjon tilsett ny krinssekretær og me har tilsett områdearbeidar i 25% stilling. Totalt er krinsen no oppe i stillingar med 185% fordelt på 4 tilsette, i tillegg får me forkynnarar frå IMF-sentralt som reiser rundt. Det er eit stort arbeid som blir drifta, både møteverksemd, diakonalt arbeid, mange borne- og ungdomslag,

konfirmantarbeid, Indremisjonsvarden og me administrerer formalitetane rundt dei som er tilsette i Bygstad og Sogndal Indremisjonsforsamling. For å nemne noko.

Pengane som blir gitt i gåve går rett inn i arbeidet vårt med å spre evangeliet. Å gi Guds Ord til folket i krinsen. Me er fullstendig klar over at mange gir mykje av sine midlar til ulikt arbeid både i innland og utland, men me vil like fullt be om at de hjelper oss med å få inn nok peng til å vidare kunne lønne medarbeidarar for å gi evangeliet vidare og «å lære dei å halde alt det eg har bode dykk». Litt bak i bladet er det eit skjema du kan fylle ut for å bli fastgjevar til Sogn og Fjordane Indremisjon, dette går via IMF og gir også skattefrådrag. Dette vil også gi oss ein stabilitet slik at me veit kva me kan satse på framover. Ellers er det også ein gåvegiro i bladet som det går an å nytte. Dersom alle våre abonnentar gir t.d. 750 kroner i julegåve til Sogn og Fjordane Indremisjon vil me forhåpentlegvis gå i null. Be over det og sjå om du kan bidra. Saman klarar me meir! På førehand takk!

# Lokalt barne- og ungdomsarbeid

I kvar utgåve av Indremisjonsvarden kjem det litt nærare informasjon om eitt av barne- og ungdomslaga i krinsen som er innmeldt i Imf-Ung. Kjenner du eit barne og/eller ungdomslag som det burde informerast om? Ta kontakt.

## VING PÅ BULANDET

Ving på Bulandet fyller 35 år i år og det skal feirast på den tradisjonelle adventssamlinga 8. desember. «Då skal me kose oss, lese julefortelling og prøve oss på ein opptreden», fortel Marit Veim Thistel som er hovudleiar på Ving.

Ving er eit kristent barnelag som held til på Fiskarheimen på Bulandet. Der samlast det mellom 15 -20 born frå 4.klasse og oppover kvar 3 måndag i månaden.

Og her er det full fart! Gode og trufaste leiarar lagar til flotte hobbyaktiviteter og deilig mat kvar gong. Innimellom er det utlodning med spennande og velsmakande premiar. Både brettspel og TV-spel er populært.

«Det er gøy på Ving. Her treffer me vener og me kan lage fine ting,» fortel Silje og Nora der dei sit konsentrerte over kveldens hobbyaktivitet.



Silje Fedøy og Nora Andrea Nordheim

Fleire av gutane er opptekne med TV-spel og det går høglytt for seg! «Eg veit ikkje om eg er kristen, men det er gøy på Ving uansett!» Gutane har knapt tid til å bli intervjuja.

«Me har Ving for å treffe vener og kosa oss, men den viktigste årsaka til at me driv Ving er for å fortelja om Jesus,» seier Lisbet Fedøy, ein av leiarane.

Og så stemmer alle i Ving-sangen:

**«V-I-N-G det er vi.**

**Ordet om Jesus har satt oss fri!**

**Derfor synger vi glade i kor,**

**gutar og jenter frå sør og nord.»**



To blide leiarar, i blått: Lisbet Fedøy, i grått: Randi Nordheim.

I 2016 starta **Konfirmasjon i Sunnfjord** opp. Det er eit samarbeid mellom Sunnfjord misjonsforsamling (NLM), Bygstad Indremisjon og Holmedal Indremisjon. Me starta opp med tre konfirmanter i fjor, og i år er det fire flotte ungdommar som fylgjer undervisninga. Det er Linda Santistevan, Trond Kråvik og Runhild Øvreås som underviser.

Både i Bygstad og i Sunnfjord misjonsforsamling har det vore aukande etterspurdnad etter ulike sakramentale handlingar, og det var difor fint å kunne svare ja til å starte opp konfirmasjonsarbeidet.

Opplegget er ganske tradisjonelt, med undervisning om sentrale tema i den kristne trua. Me leikar, et og lærer saman. I løpet av konfirmantåret reiser me på tur til Bergen, der vi m.a. deltek på ulike ungdomsmøte. Det blir også tid til både sightseeing og curling!

Frå venstre på biletet: Marius Friborg, Benjamin Olsen og Embla Erviksæter. Håkon Myrene er også konfirmant, men var sjuk denne dagen.



# Foreiningsarbeidet

## Sogndal Indremisjonsforsamling

### Søndagsmøter

Annakvar søndag har me storsamling kl. 11. Dette er samlingspunktet for forsamlinga der me har felleskap saman og prisar Gud. Her er det også egne samlinger for born og ungdom. Dei andre søndagene er det møte på kvelden. Nokre av desse er det me kallar "kveldsmøte" med tale, nattverd og lovsong, andre er "lovsangssamlingar" der me fokuserer mest på lovsong og opnar for å dele vitnesbyrd.



### Husfelleskap

I tillegg til søndagsmøtene er det godt med nokre samlingspunkt der ein er færre og som gir rom for gode samtalar, spørsmål og tid til å be og utfordre kvarandre.

### Barnegospel

Her er det god stemning og mykje liv! Koret består av omkring 40 born og et band. I haust har temaet vore "Ombord i båten" og det har til og med blitt bygt ein båt for anledninga! Innimellom er me så heldige å få høyre koret opptre med konsert på storsamling.



### Ving

Ving er ein barneklubb for alle i 4-7 klasse. Her er det leikar og underhaldning, andakt og mange artige påfunn!

### Internasjonal café

Kvar tysdagskveld er det liv i cafélokalet til SIM. Her kjem fleire ulike nasjonalitetar og generasjonar saman for å ete vafler, spele bingo og ha andakt og fellesskap saman. Kvelden er prega av høg strikkefaktor og mykje spel.

### Tapaskveld

Dette er sosiale kveldar for studentar og unge vaksne. Alle tek med seg kvar sin tapasrett og tilsaman blir det eit fantastisk koldtbord. Kvar gong er det nokon som har førebudd eit ord for kvelden og noko til underhaldning. Det er sjeldan at det er fleire nye med inn på SIM enn på nettopp desse kveldane.

### Bibel & Kaffe

Me har satt av nokre torsdagskveldar i løpet av året der me går igjennom éi bok i bibelen kvar kveld. Målet er at me skal bli betre kjend med Guds Ord og at Ordet skal bli levande i kvardagen vår. Det er også café med servering av kaffe og heimelaga bakst.

### Morgonbøn

I haust har me begynt å opna dørene på SIM kvar onsdagsmorgon mellom klokka sju og ni. Her er alle velkomne inn for å bruke tid med Gud, be, lovsynga eller bare vere stille. Me har også eit felles bønnemøte halv åtte der me løftar opp forsamlinga og bygda vår.

Me har mange ulike aktiviteter som skjer på huset, men det viktigste er at me ynskjer å vera eit fellesskap som saman vinn, utrustar og sender menneske i Jesus Kristus!

*Sogndal Indremisjonsforsamling held til på Granden 23, i 2.etg, Sogndal.*



# Dette skjer i krinsen

Sogn og Fjordane Indremisjon er ein stor krins og det er mykje som skjer rundt på dei ulike stadane. Her kjem ei lita oversikt over kvar du finn informasjon om det som kan vere aktuelt å få med seg.

## Bygstad Indremisjon:

Held til på Bygstad Bedehus.

Bønemøte kvar fredag kl.09:00 og familiemøte annakvar søndag kl.11:00 eller kl.16:00. Sjå nettsida : <http://bygstadindremisjon.no>

## Sogndal Indremisjon:

Har møter 3 søndagar i månaden i sine lokaler på Granden 23, Sogndal

Sjå oversikt på [www.sogndalimf.com](http://www.sogndalimf.com) og på [facebook.com](https://www.facebook.com/SIM-Sogndal-Indremisjonsforsamling) (SIM-Sogndal Indremisjonsforsamling)

## Lyngmo Ungdomssenter, Hafslo

På Lyngmo blir det arrangert ei mengde leirar for alle aldersgrupper, i tillegg er det råd å leige rom for enkel overnatting og lokaler til eigne arrangement.

Sjå nettsida <https://www.lyngmoinfo.com> for nærare informasjon.

## Kaupanger Indremisjon:

Kaupanger Indremisjon held til på Kaupanger Bedehus, men har også samlingar i samarbeid med kyrkja. Her er det noko for alle aldersgrupper.

Sjå [facebook.com](https://www.facebook.com/KIM-Kaupanger-Indremisjon) (KIM - Kaupanger Indremisjon) for nærare informasjon.

## Bremanger Indremisjon:

Bremanger Indremisjon held for det meste til på Hauge Bedehus, der er det både måndagsklubb (3år-3.klasse) og hobbyklubb (4.-10.klasse). I tillegg blir det arrangert møter og andre samlingar.

Sjå [facebook.com](https://www.facebook.com/Bremanger-Indremisjon) (Bremanger Indremisjon) for nærare informasjon.

## Reiserute for forkynnar Gudmund Furnes

*Desember 2017*

12 .desember Løland Hyllestad

13. desember Hestadgrend

*Januar 2018*

07.januar - *disponibel - ta kontakt for å avtale møte*

09.januar - Hyllestad

10.januar - Hestadgrend

30.januar - Hyllestad

31.januar - Hestadgrend

*Februar 2018*

01.-03.februar - *disponibel - ta kontakt for å avtale møte*

04.februar - Værlandet

*Mars 2018*

13.mars - Hyllestad

14.mars - Hestadgrend

15.-18.mars - *disponibel - ta kontakt for å avtale møte*

*April 2018*

03.april - Hyllestad

04.april - Hestadgrend

05.-08.april - *disponibel - ta kontakt for å avtale møte*

## Reiserute for Krinssekretær Sondre J. Orrestad

*Desember 2017*

10. desember - Hafslo Bedehus, kl.11:00

11. desember - Holmedal Bedehus, kl.19:30

17. desember - Veitastrond, kl. 19:30

30.-31.desember - Lyngmo, Hafslo

*Januar 2018*

10.januar - Kaupanger Bedehus

20.-21.januar - Bremanger

*Februar 2018*

9.-11. februar - Crossroad, Lyngmo

## Reiserute for Områdearbeidar Ivar K. Berland

*Desember 2017*

10. desember - Hauge Bedehus kl.11:00

11. desember - Holmedal Bedehus, kl.19:30

12. desember - Olset Bedehus, kl.19:00

*Januar 2018*

24. januar - treff på Kalvåg Bedehus, kl.17:00

**Dersom du kjenner til møter, samlingar, stemner o.l. for februar 2018 - juni 2018 som burde vere med i ei slik oversikt kan du sende ein e-post til [soqn.fjordane@imf.no](mailto:soqn.fjordane@imf.no).**

## Årsmøte 1.-3.juni 2018 - på Lyngmo

Hald av første helga i juni, 1.-3.juni, då er det Årsmøte for Sogn og Fjordane Indremisjon. I år blir årsmøtehelga på Lyngmo Ungdomssenter, Hafslo. Me håpar at flest mogleg kjem for å ta del i arrangementet og på sjølv årsmøtet. Kvar foreining med inntil 25 medlemmar kan senda to utsendingar. Foreiningar med meir enn 25 medlemmar kan sende ein utsending meir for kvar påbyrja 25 medlemmar. Maks 6 utsendingar per foreining. Underforeiningar kan sende ein representant kvar.(Jmf. Vedtektene §4).

Dersom det er saker som medlemmane ynskjer skal opp på Årsmøtet må desse vere styret i hende seinast 3 månadar før årsmøtet.

Innkalling og program vil bli sendt ut i løpet av Mars 2018 og vil også bli tilgjengeleg på heimesida [www.sfi-imf.no](http://www.sfi-imf.no) .

# Eit steg inn i framtida

Sogn og Fjordane Indremisjon har fått ny heimeside. [www.sfi-imf.no](http://www.sfi-imf.no) På heimesida kan du sjå kven som er tilsette i krinsen, du finn kontaktinformasjon og etterkvart kjem det oppdaterte reiseruter og kalender der også!

Du vil også finne litt informasjon om arbeidet vårt, sjølv om **Indremisjonsvarden** også framover vil vere vårt primære verktøy for å nå ut til medlemmane våre!

Årsmeldinga og innkalling til Årsmøte vil også kome på heimesida vår, i tillegg til i Indremisjonsvarden.

I tillegg til å ha fått ny heimeside har Sogn og Fjordane Indremisjon også fått Vipps. Det betyr at du framover kan gi gåve og kollekt til krinsarbeidet med nokre enkle tastetrykk på smarttelefonen din, so sant du har Vipps!



Sogn og Fjordane Indremisjon sitt Vipps-nummer er

**137504**

## Andakt v/Nils Jøssang



Eg heiter Nils, er 30 år, gift med Irene, far til David på 2 år og Oskar på 10 mnd, og arbeider som forsamlingsleiar i SIM. Ofte leiker eg og ungane «Kor e Pappa?»-leiken. Eg gøymer meg, dei ser etter meg, og så dukkar eg plutselig opp igjen til stor glede og entusiasme. Enkel moro, men det funker!

I bibelen er det mange som leiter etter Jesus (utan parallellar elles!). Vismennene frå aust leita etter han når han vart fødd. Foreldra hans leita, då dei gløymde han i hovudstaden som 12-åring. Folket leita stadig etter han då han reiste rundt og forkynte og demonstrerte Guds Rike; lega sjuke og sette menneske fri frå plager.

Mannen som hadde ein son med ei vond ånd leita etter Jesus. Maria Magdalena leita etter han tidleg påskemorgon. For å nemne nokon.

Motiva til dei som leita varierer. Men ingen som leita etter den han *faktisk* var, vart skuffa. Ved eit høve, ein av dei årlege festdagane, roper Jesus ut: «Den som tørstar, skal koma til meg og drikk. Den som trur på meg, frå hans indre skal det, som Skrifta seier, renna elvar med levande vatn.» (Joh. 7,37-38). Jesus inviterer oss til seg og lover noko som eg slit litt med å forstå reint intellektuelt, men hjerte mitt responderer.

For eg òg leiter etter Jesus. Eg har vekse opp i ein kristen heim og valde sjølv å følgje Han tidlig i ungdomsåra, likevel leiter eg. Fordi eg treng Han. Eg treng Hans kjærleik, som møter meg, tilgir og fyller meg. Eg treng at Han leder meg og verker i og gjennom meg. Jesu ord denne festdagen vekker fortsatt lengslar i meg; det fins meir å hente, meir han ynskjer å gje!

Men kvifor opplever eg då at eg stadig må leite etter Han? Ein idé streifar meg stadig: Kan det være fordi Jesus vil ta meg med inn i det han gjer?

Han er i himmelen hos Gud, Far, og inviterer meg inn i et perfekt fellesskap med heile treeininga. Han er i Ordet og verkar i meg med sin Ånd, slik at heile mitt vesen kan bli forvandla meir lik Han. Han er midt i blant oss som trur og inviterer meg til å gje av det eg har fått og ta imot hans nåde i og gjennom fellesskapet. Han er med oss når vi går med gode nyheter til menneske som endå ikkje kjenner Han.

# Inspirerende IMF- konferanse



**Det var mykje god song og stor glede i salen under IMF sin leiar-konferanse.**

foto: Sondre J. Orrestad



Nokre av dei som reiste frå krinsen til leiar-konferansen. Bak f.v. Linda Rusken, Kylie Torstad, Kjetil Stautland, Silje Husum, Framme f.v. Oddny Solheim, Liv Kari og Tom Salte, Tone Rusken, Ranveig Husum, Marit Stokken( forkynnar IMF) sneik seg også med på biletet.

16.19.november arrangerte IMF sin første leiar-konferanse på Straume. Den første dagen var det mini-arbeidarmøte for dei som er tilsette på ulike plan i organisasjonen. Fredag til søndag var det samlingar for påmeldte leiarar, både tilsette og frivillige. IMF sin leiar konferanse er ei ny satsing, der ein set fokus på å utruste leiarar til teneste og eit liv saman med Jesus. Her var det dagar fullspekka med program. Det var ulike nettverk, der ein fekk insiprasjon og påfyll, det var ei mengd seminar som ein kunne velje, der ein fekk meir rom for å samtale om spesifikke tema. Det var også bibeltimar og gode møte fylt med lovsong.

Det var inspirerende samlingar og det var god moglegheit til å samtale med folk som står i leiroppgåver andre stadar i landet. Dagar for å lytte, lære noko nytt og få idèar.

Me fekk også informasjon om kva IMF tenkjer om framtida og det var ulike fokusområde kvar dag. Awana vart løfta fram og informert om, det vart også sett fokus på forsamlingsbygging i løpet av helga.

Relasjonen til Gud vart poengtert fleire gonger og i alle samlingar, både i bibeltimar, i seminar og på nettverk vart Bibelen, Guds Ord, sett i sentrum. «Med Guds Ord til folket» har vore slagordet i Indremisjonsbevegelsen si historie, noko som det også skal vere i framtida.

I tillegg til alle desse gode møtepunkta var det også høg forventning til at Generalsekretær Erik Furnes lanserte den nye logoen til IMF. Ein flott logo som symboliserer vekst og korset (sjå baksida av bladet).

Det var mykje nyttig og inspirerende input på leiarkonferansen. Det var samla over 400 folk frå ulike område og einingar i IMF-familien og eg trur at alle reiste heim med pågongsmot, nye idèar, tankar om arbeidet og gode releasjonar.

Neste gong IMF arrangerer leiarkonferanse vil eg anbefale alle som har ei leiroppgåve om å bli med!

- Sondre J. Orrestad

## Me ynskjer å kome i kontakt med deg

Kanskje har du allereie eit godt fellesskap, med faste møtepunkt og ei kjensle av at du har eit godt kristent fellesskap. Eller kanskje føler du deg åleine, kanskje er det slik at du skulle ynskt at nokon kom og talte på det lokale bedehuset, eller kanskje du vil arrangere eit husmøte? Kanskje du treng inspirasjon til å stå i arbeidet vidare, eller kanskje treng du nokon å snakke med om ein ikkje heilt enkel situasjon.

Sogn og Fjordane Indremisjon har eit kall til å forkynne evangeliet, men me har også eit ansvar og eit kall til å hjelpe dei ulike foreiningane våre og våre medlemmar som treng litt hjelp. Dersom du kjenner at det hadde vore godt eller kjekt å få besøk frå oss i krinsen er du velkomen til å ta kontakt. Dersom du kjenner på eit behov for å snakke med nokon, evt. det er noko du ynskjer særskild forbøn for. Ta kontakt! Du finn vår kontaktinformasjon på baksida av bladet.

Kanskje er det slik at du kjenner at det hadde vore kjekt å hatt ei teneste, eller forsøkt deg i ei teneste - lokalt eller regionalt - er du også veldig velkomen til å ta kontakt. Me er heilt avhengige av frivillige leiarar og hjelpeleiarar i arbeidet for Guds rike. Kanskje kan du tenke deg å vere leiar på leir, eller kanskje du kunne tenkt deg å forkynne, kanskje du har eit hjarte for barnarbeid, ungdomsarbeid, eller diakonalt arbeid? Me er alle utrusta med ulike gåver frå naturen av og av Anden, me er alle ulike lemer på Kristi legeme (1.kor 12,27).

Ta kontakt om du treng noko, eller om du vil vere med å gi noko vidare!



**TALER: INGVILD HELLENES**

**PÅMELDING**  
WWW.LYNGMOINFO.COM

**LYNGMO**  
9.-11. FEBRUAR

9.-11.Februar 2018 blir det arrangert CROSSROAD for fyrste gong på Lyngmo. Crossroad er ein leir for deg som går i 8.klasse til 3.klasse på vidaregåande. Det blir masse kjekke aktivitetar, gode bibeltimar, lovsang og mykje kjekke folk! Me håpar å samle folk frå heile fylket og utover fylkesgrensene til dette store arrangementet. Crossroad er eit samarbeidsprosjekt mellom Sogn og Fjordane Indremisjon og NLM-Region Vest, der me samlast på vår felles leirstad Lyngmo!

Fastgjevarskjema



## For unge og gamle

### Kva av Jesu Ord manglar her :

(bruk av hjelpemiddel er lov)

« Eg er livsens.... Den som kjem til ... , skal ikkje hungra, og den som .... på meg, skal ..... tørsta.»

Teksten finn du i Johannes 6,35

### Kva av Jesu Ord manglar her :

(bruk av hjelpemiddel er lov)

«De er lyset i .....! Ein .. som ligg på eit ....., kan ikkje ..»

Teksten finn du i Matteus 5,14

#### Bibelquiz for born:

1. Kva vart skapt først av plantene og fiskane?
2. Kva kallar me den båten Noa bygde?
3. Kven var det som førte Israelsfolket ut av Egypt?
4. Kva kaller me desse mennene: Jesaja, Jeremia, Esekiel og Mika?
5. Kva var David før han vart konge: Fisker, gjetar eller snekkar?
6. Jesus og Johannes døyparen var i slekt. Men kven av dei var eldst?
7. Til kva land flykta Maria, Josef og Jesus då Jesus var eit lite born?
8. Hva var det som feila Bartimeus?
9. Fullfør setninga: «Kom, følg meg, så vil jeg gjere dykk til ...»
10. Kven var teltmakar av yrke?

#### Bibelquiz for vaksne:

1. Det er nemnt i alle fall fire jordskjelv i Bibelen: Då Gud viste seg for Elia (1 Kong 19,11-12), då Jesus vart krossfesta (Matt 27,51-54), då Jesus stod opp frå dei døde (Matt 28,2). Kva er det fjerde?
2. Kva av desse dyra er ikkje nemnt i Bibelen: Apekatt, påfugl, tiger, rev, gaselle, kamel, stork?
3. Kva er namnet på dei første tvillingane som er nemnt i Bibelen?
4. Josef var snekkar, Matteus var tollar, Debora var dommer. Men kva var Mirjam?
5. Hva heitte han som måtte arbeide i sju år for en far før han kunne gifta seg med farens dotter?
6. I kva by vart Paulus hjulpen av Ananias?
7. I kva by vart Jesu disipler for fyrste gong kalla kristne?
8. Var det saddukeare, selotar eller levittar som ikkje trudde på noko oppståde frå dei døde?
9. Kva er større enn både tru og håp?
10. I kva bok i Bibelen brukar Jesus namnet «morgonstjerne» om seg sjølv?


6. Johannes døyparen (Luk 1,57-66)  
7. Egypt (Matt 2,13-15)  
8. Han var blind (Mark 10,46-52)  
9. Menneskesøskere (Matt 4,19)  
10. Paulus (Apg 18,1-3)

Svar, bibelquiz for born  
1. Plantene (1 Mos 1,11 og 21)  
2. Arken (1 Mos 6,14)  
3. Moses (2 Mos 13)  
4. Profetar  
5. Gjetar (1 Sam 16,11-13)

6. Damaskus (Apg 9)  
7. Antiochia (Apg 11,26)  
8. Saddukeere (Mark 12,18)  
9. Kjærløken (1 Kor 13,13)  
10. Johannes Openbering (Op 22,16)

Svar, bibelquiz for vaksne  
1. Då Paulus og Silas ba i fengselet (Apg 16,26)  
2. Tiger  
3. Jakob og Esau (1 Mos 25,24-26)  
4. Profetinne (2 Mos 15,20)  
5. Jakob (1 Mos 29,20)

**RETURADRESSE:**  
SOGN OG FJORDANE INDREMISJON  
Postboks 415,  
6853 SOGNDAL



## Lesarbilete:

Her kan du få eit bilete på trykk!

Slik gjer du: Ta eit bilete (gjerne eit av eit arrangement eller ei samling). Legg det ut på instagram med **#SFIndremisjon**.



## Ny Logo

Henta frå [sambaandet.no](http://sambaandet.no)



- Hva vil dere kommunisere med den nye logoen?
- Vi gav vår medieavdeling noen føringer om at den nye logoen måtte inneholde korset eller andre kristne symbol, den skulle bygge ImF som merkevare, bidra

til å styrke identiteten i organisasjonen og gi assosiasjoner til liv, vekst, framtid. Vi synes medieavdelingen har gjort en glimrende jobb med å få fram dette.

Sogn og Fjordane Indremisjon kjem til å ta i bruk den nye logoen når IMF har gjort klar ei profilhandbok og me får tilgjengelege logoar til vårt bruk.

## Kontaktinformasjon

**NB! Sogn og Fjordane Indremisjon har ikkje lenger eit fasttelefonnummer!**

Du kan ta kontakt med oss på følgjande måtar:

Facebook:

<https://www.facebook.com/SFIndremisjon>

Heimeside: [www.sfi-imf.no](http://www.sfi-imf.no)

E-post: [sogn.fjordane@imf.no](mailto:sogn.fjordane@imf.no)

Postadresse: Pb.415, 6853 Sogndal

Du er også velkomen til kontoret vårt i Fjørevegen 10, 6856 Sogndal  
Eller du kan ta kontakt direkte med Krinssekretær Sondre J. Orrestad  
e-post: [s.orrestad@imf.no](mailto:s.orrestad@imf.no)  
tlf. 482 89 762

Hugs å melde frå til krinskontoret om du får ny adresse.



**Sogn og Fjordane Indremisjon**

Med Guds ord til folket